

# Vekeplan 4.trinn



Time kommune

Lye Skule

Veke: 17

Mål	
Norsk	Elevane skal bli kjende med forfattaren Arne Garborg gjennom oppvekst, dikt, songar og samfunnskritikk.
Matte	Elevane skal arbeida med figurtal.
Engelsk	Elevane skal arbeida med engelske lyttetekstar og preposisjonar.
Sosialt	Eg kan rekka opp handa.

## Timeoversikt

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
1. økt 8.30 - 10.00	Norsk 30 Kroppsøving 60	Gamle - dagar-skule Norsk 30 Matte 60	Norsk	Norsk 30 Arne Garborg 60	Norsk
2. økt 10.15 - 11.15	"Um pengar" Arne Garborg	Engelsk	Uteskule Haugtussa sitt rike	Matte	Matte
3. økt 12.00 - 1300	K og H Arne Garborg	Musikk med 3. trinn	Uteskule	Interaktiv reise til Garborgheimen.	Avslutning Garborg-vekene
4. økt 13.10 - 14.10	K og H		Uteskule	Arbeidsprogram	

### Meldingar til heimen:

- Samtalar i 4A på måndag og onsdag.
- I veke 17 har me den siste Garborgveka.
- På tysdag prøver me oss på ein "gammaldags skuledag", slik det var omlag for 100 år sidan. Då er det fint om de leitar litt heime og finn klede som kan likna litt på det som var for 100 år sidan. Sjå tips på baksida.
- Måndag 29.04. Klokka 17 - 18 blir det foreldremøte på lærarrommet.
- Me saknar desse bøkene etter eit leseprosjekt på skulen: Farmor og eg(Anna Fiske), Askeladden som kappåt med trollet(Therese G. Eide), Omelett(Carl Barks), Palle Puddel drar til New York(Anna Fiske), Sjørøvarhistoriar (Russel Punter), Møtet og andre fortellinger (Jean-Francois Kieffer) og Mystiske mumier (Jenny Laird).


## Lekseplan:

til tysdag	til onsdag	til torsdag	til fredag
<b>Rekning :</b>	<b>Les om Arne Garborg</b>	<b>Les om Arne Garborg</b>	<b>Lesing i engelsk</b>
<p>Gjer oppgåvearket som har blitt levert ut på skulen.</p> <p><b>Skriv diktaten i øveboka eller på eit ark.</b></p>	<p>Les ein gong høgt for deg sjølv og ein gong for ein vaksen.</p> <p>Spørsmål til teksten. Skriv svara med heile setningar i Lesebestilling i Book Creator.</p> <p><b>Overskrift:</b> Veke 17 og set inn eit bilete som passar.</p> <p><b>A Les "Fakta om barndom 2".</b></p> <p>1. Kvifor fekk ikkje ungane lov til å le eller leika inne i huset?</p> <p>2. Kvifor blei det flaut for familien til Aadne å dra til kyrkja?</p> <p>B: Les "Fakta om barndom 2".</p> <p>1. Kva skjedde med far til Aadne(Arne) då han var omlag åtte ni år?</p> <p>2. Kvifor drog familien til kyrkja i slitne kvar dagsklede?</p>	<p>Les ein gong høgt for deg sjølv og ein gong for ein vaksen.</p> <p>Spørsmål til teksten. Skriv svara med heile setningar i Lesebestilling i Book Creator.</p> <p><b>Overskrift:</b> Veke 17 og set inn eit bilete som passar.</p> <p><b>A Les "Fakta om barndom 3".</b></p> <p>1. Kva gjorde ungane når faren ikkje var heime?</p> <p>2. Kor tidleg på morgonen måtte familien stå opp til andakt?</p> <p>B: Les "Fakta om barndom 3".</p> <p>1. Kvifor fekk ikkje Aadne(Arne) og syskena gå på skule med dei andre ungane i bygda?</p> <p>2. Kva låg i den blåe kista til mor til Aadne(Arne)?</p>	<p>Skolestudio - Explore- kapittel 6 "Explore the world".</p> <p>Les med til lydfila ein gong og les to gonger for ein vaksen.</p> <p>A: "A sailor went to sea, sea, sea" i Skolestudio Explore eller p. 96 i Explore-boka.</p> <p>B: Differensiert lesing eller lang tekst. "A sailor went to sea, sea, sea" p. 96 og 97 i Explore-boka eller Explore i Skolestudio.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Gjer ferdig glossery.</li> </ul> <p><b>Hugs:</b> Pakk gymklede og gymsko til måndag!</p> <p><b>Lad læringsbrettet til 100%</b></p>
<b>Diktat/finskrift: SOL - ord.</b>		<b>Glossary (jobbar med det på skulen)</b>	
<p>Eg har sett kjeet hos bonden.</p> <p>Han fann ikkje kjøttkaka si i gryta.</p> <p>Kjolen min har eg gøymt under senga.</p> <p>Korleis kom kjeksen inn i kjøleskapet?</p>		<p>A:</p> <p>"A sailor went to sea, sea, sea" page 96.</p> <p><b>searching - leitar</b></p> <p><b>octopuses - blekksprutar</b></p> <p>B: "A sailor went to sea, sea, sea" page 96 og 97.</p> <p><b>sailor - sjømann</b></p> <p><b>at the bottom - på botnen</b></p>	

## Skulen for over 100 år sidan.



**Jenter:** skjørt/kjole,  
strikkajakke/genser, skaut, kvit  
bluse e.l.  
**Gutar:** "fin bukse", strikkagenser,  
skjorte, sixpence (om du har)  
Lurt at kleda ikkje er så fargerike.



# Uteskule onsdag 24. april

**Til elevar og føresette på 4. trinn**

**På onsdag skal me gå til Håfjell.**

Me går frå skulen ca. klokka 10.45. Alle må ha med seg tursekk, regnkleda må vera i sekken eller på.

Her skal me vandra i "Veslemøy sitt rike"

Det blir ikkje bål på denne turen.

**IPaden legg dei igjen heime på onsdagen, den skal me ikkje bruka på skulen.**



## **Til denne turen må du ha med:**

Klede etter veret.

Matpakke.

Vatn

Gode sko.

## **Kan ha med:**

Varm drikke

Rett i koppen/ nudlar ol.

Ekstra genser og ekstra sokkar

Sitjeunderlag

*Helsing Alf, Rasmus og Ingrid*